



NY DUO PÅ VOSSAJAZZ

Ingrid Olava og pianist Andreas Ulvo har skipa duoen Ulvo/Olava som spelar på Vossajazz 8. april. Dei to har samarbeidd i fleire år, men no byr duoen på «guilty pleasures» frå musikkhistoria, jazz, folkemusikk, viser og 90-talspop, røper Vossajazz.



John Cale tolkar Leonard Cohens «Hallelujah». Skjermdump frå john-cale.com

STERKT DRIV

Det er eit sterkt driv over eksistensiellisten Cale på kontante *Fragments of a Rainy Season* – songane får eit hardt, stramt og stringent uttrykk som kler dei godt. Mykje av materialet nærmar seg dei mørkaste sidene ved det menneskelege, i ei utforsking av sinnstemningar som sorg, frykt og sinne. «Fear (Is a Man's Best Friend)», til dømes, er presis og konfronterande og får noko skremmande over seg når Cale lét songen falle frå kvarandre ved pianoet, før han munnar ut i eit skrik som får det til å gå kaldt nedetter i alle fall min rygg.

Fragments of a Rainy Season

har mange av dei same kvalitetane som ei plate som Neil Youngs *Unplugged*, som kom ut året etterpå. Som antologi er ho særleg vellukka fordi materialet, som i utgangspunktet sprikjer i ulike retningar med omsyn til instrumentering og arrangement, vert prega av ei sterk kjensle av kontinuitet og koherens: Det dreiar seg rett og slett om ei av dei sterkaste konsertplatene eg veit om, og eg håpar denne nytgåva vil skaffe albumet nye lyttarar.

ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Arkivet: Toneff syng jula inn

Vesle julaftan 1971 sende NRK programmet «Mitt bidrag til julen», og der dukka ein 19-åring frå Kolbotn opp med ein eigen komposisjon: Radka Toneff framførte «Julesang», for 45 år sidan i dag.

Vi kan takke Nordpolen musikkklubb for arkivteften deira – og for den mest overraskande julesingelen i år. Det vesle plateselskapet kan fortelje at Toneff er akkompagnert av ein gjeng som inneheldt fleire Club 7-veteranar: Ditlef Eckhoff (trompet), Øyvind Westby (trombone), Calle Neumann (altsaksofon), Knut Riisnæs (tenorsaksofon), Paul Austad (floyte), Nils Petter «Nipe» Nyrén, (gitar), Terje Venaas (bass) og Ole Jacob Hansen (perkusjon).

To øvingar vart det tid til, i



Radka Toneff i 1971. Skjermdump frå NRK

kjellaren på NRK, før opptaket som vanskeleg lét seg sjangerplassere så kjapt. Berre prov sjølv.

ØVIND VÅGNES

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

«We will rock you»

CD



YMSE KOM-
PONISTAR:
On Christmas Night

CHOIR OF MAG-
DALEN COLLEGE, OXFORD; ORGEL
OG DIR.: DANIEL HYDE.
OPUS ARTE 2016

Choir of Magdalen College i Oxford har halde på i over fem hundre år. Til dagleg pryder dei liturgien i Magdalen College-kapellet i Oxford med høgkyrkjeleg anglikansk kyrkjemusikk, men på det nye julealbumet er det 1900-talskomposisjonar med folke-musikalsk sving me får høyra, alternert med orgelmusikk av Bach, Brahms og Dupré, spela av kordirigenten Daniel Hyde. Når det gjeld gutesopranar, er det ingen land som kan måla seg med England – dei synga presist som gode orkesterfio-



Miniatyr frå *Sherbrooke missal* (ca. 1310), ei av dei eldste engelske messebøkene frå mellomalderen. Foto: National Library of Wales

linar, med lytelaus intonasjon heilt utan hyling på dei høgaste tonane. Det artigaste sporet på plata er «Rocking Little Jesus», ein tradisjonell tsjekkisk julesong (her omsett til engelsk) som læt kjend på fleire måtar:

Han går på melodien til «Pål sine høner», og refrenget er «We will rock you».

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Salmevev

CD

JOHANN KUHNAU:
Complete Sacred Works II

OPELLA MUSICA; CAMERATA LIP-
SIENSIS; ORGEL OG DIR.: GREGOR
MEYER. CPO 2016

Uförtent strengt har musikkhistoria dømt Johann Kuhnau (1660–1722), komponisten som var kantor i Thomaskyrkja i

Leipzig i perioden før Bach: Kuhnau stakk nemleg kjeppar i hjula for den unge komponistgenerasjonen i byen, mellom andre den unge justudenten G. Ph. Telemann. Men surmulinga hans hadde ein praktisk grunn – dei musikkglade ungdomane drog i operaen og «jamna» i kaféhusa til langt på natt og stilte difor ikkje lenger opp for å spela morgongudstene i Leipzig-kyrkjene! I volum 2 i serien

som skal femna alle Kuhnaus kyrkjeverk, får me fem kantatar som aldri har vore spela inn på plate før. Musiseringa er framifrå og verka ypparlege. Spesielt dei forseggjorde instrumentalforspela til kantatane, der Kuhnau flettar inn kjende samlemelodiar i den store tonevev, toler å bli lytta til gong på gong.

SJUR HAGA BRINGELAND

Som svisker på ei snor

CD



YMSE KOM-
PONISTAR:
**Sølv-
guttenes
favorit-
ter**


SØLVGUTTENE; DIR.: FREDRIK
OTTERSTAD. LAWO 2016

Tye, Bach, Händel, Mozart, Mendelssohn, Villa-Lobos, Grieg, Fauré, Steenberg, Nystedt – Sølvguttenes komponistar er mange og dei femner om eit halvt tusenår. Sidan 1960-åra har dei sunge jula inn, og med kring 150 framføringar i året «sluker» dei nok eit uhorveleg repertoar. Frå dette har dei no sett saman femten favo-

rittstykke til ein CD. Denne er utan nokon raud tråd, men har eit mangfald som knapt ville lata seg gjera på konsert. Opningsstykket er den engelske kroningsseremoniklassikaren *Zadok the Priest* av Händel, der domorganisten i den katolske St. Olavskyrkja i Oslo, Otto Christian Odland, spelar rolla som orkester. Den kunstnarlege leiaren til koret, Fredrik Otterstad, dirigerer Händel med moderat tempo. Men i Griegs *Hvad est du dog skjøn* dvel han ikkje, for salmen har meir rørsleenergi enn me er vane med. Sølvguttena presterer jamt over bra; det læt varmt og hugnadsfullt, med god balanse mellom bass og diskant – bortsett frå einskilde sure topptonar: Då den høge a-en i takt 49 i

Händels «Halleluja» kom, skvatt eg til. Kvifor tok dei ikkje opp den innsatsen på nytt?

SJUR HAGA BRINGELAND



Jesusbarnet i stallen. Freske av Giotto di Bondone (ca. 1267–1337) i Scrovegni-kapellet i Padova. Foto: Cappella degli Scrovegni